

# Aktiviteten dagsenter

Aktiviteten dagsenter åpna opp 29.november 2021, etter lang tid med planlegging og arbeid.

Bakgrunn for at denne planlegginga i det heile tatt starta opp, var målet om å skilje dagsenterplassane og varig tilrettelagte arbeidsplassar (VTA) frå kvarandre, og på denne måten lage eit betre og meir tilrettelagt tilbod for personar med utviklingshemming. Før Aktiviteten åpna hadde Vaksdal kommune 4 dagsenterplassar på AO-senteret. Fleire brukarar mangla plass og tilbod, og kapasiteten på AO-senteret var sprengt.

Med åpninga av Aktiviteten dagsenter har Vaksdal kommune no 10 dagsenterplassar. 8 av desse er i bruk pr dags dato.

Navnet Aktiviteten kom til etter navnekonkurranse på Vaksdal kommune sine facebookssider. Det kom inn mange gode forslag. Det vart stemt fram 5 finalister, der brukarane av dagsenteret til slutt stemte fram Aktiviteten som vinnar.

Når brukarane av dagsenter kjem om morgonen får de frukost. Det er dekka til felles måltid med variert pålegg. Midt på dagen er det frukt som mellommåltid, før ein ca kl 14 får servert middag frå Matvarehuset. Tilbakemeldingane frå brukarane er at middagane er gode og varierte. Ein ser at alle spis godt og får i seg variert og næringsrik middag i mykje større grad enn tidligare. Med knappe ressurser på ettermiddag, har middagane ofte bestått av halvfabrikat og lett vindte løysinger for å komme i mål. Dette fordi ein tidligare har stått i kvar enkelt heim og laga middag til ein og ein bebuar. Bebruarane uttrykker også at de syns det er trivelig å spise i fellesskap mot å sitte aleine å spise middag.

## **Ein dag på Aktiviteten:**

KL 08.30: Aktiviteten åpner

KL 09.00 – 10.00: Frukost/ morgenmøte

KL 10.00 – 12.00: Aktiviteter (maling, perling, macrame`, veving, strikking, toving, lage fugleemat, bake, film og popcorn kvar fredag, tur og ikkje minst trening i Turbinen kvar torsdag)

KL 12.00-12.30: Mellommåltid/frukt

KL 12.30 – 14.00: Aktivitet som før frukt (AO-band kvar tysdag)

KL 14.00 – 14.45: Middag m/dessert. Dersom nokon ikkje kan komme ein dag de har plass, får de middag levert heim (gjeld de som bur i Elvevegen).

KL 14.45: Takk for i dag 😊


Før jul gjekk mykje tid med til å lage julepynt. Det var pakkekalender der alle fekk eigen kopp i kalenderen!



Det vart også arrangert julebord, med pinnekjøtt på menyen!



Det er kjøpt inn mykje forskjellig hobby- og aktivitetsutstyr. Me har også kjøpt inn musikkvannseng og har eit eige sanserom der senga står. Her er det ulike effekter som stimulerer sansane, samtidig som de har avslappande effekt.



### Lyseffekter på sanserommet!

Det er også installert takheis som forflytningshjelpemiddel for de som treng hjelp til forflytning. Kjøkkenet er tilrettelagt med skap og benk som ein kan heve/senke, alt etter behovet til den som skal bruke det. Me har også ein draum for uteområdet vårt, og kommunens gartnar er i gang med planlegging av korleis det kan bli.

De som nytter seg av Aktiviteten dagsenter let vel og uttrykker at de er svært fornøyd med tilbodet.



Hobbyaktiviteter



Kontorarbeid



Me har laga mat til fuglane



Veggpynt og øyredobber av macrame



Ut på tur! Her er gjengen på vei for å finne bjørkeris til fastelavenpynt!

18.februar er det planlagt karneval på Aktiviteten! Me planlegg også for ein offisiell åpning. Denne vart utsatt pga covid-19, men me håpar og trur at me får gjennomført den i løpet av våren 😊

Dale 07.02.2022

**Maren Amanda H. Thorkildsen**

Avdelingsleiar, bueining for funksjonshemma og Aktiviteten dagsenter